



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsvagen 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høyring om endringar i forskrift om nydyrkning - forbod mot nydyrkning av myr

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 11.07.2017.

Oppsummering

Innspela våre er som følgjer

- 1) Fylkesmannen i Rogaland støttar framlegget om å leggje inn forbod mot nydyrkning av myr i forskrift om nydyrkning.
- 2) Det bør vurderast nøyne om det skal opnast for hove til dispensasjon til dyrking av myr; sjå grunngjevinga nedanfor. Vi ber Landbruks- og matdepartementet om i tilfelle å gje tydelege kriteriar for kva som ligg i «særleg hove» for å kunne gi dispensasjon. Det bør såleis kome klart fram i forskrifta eller i eit eige rundskriv kva som meinest med «særleg hove».
- 3) Ut frå eit klimaperspektiv, er Fylkesmannen si vurdering at same regel for bevaring av myr prinsipielt, bør gjelde uavhengig av type tiltak. I utgangspunktet bør det vere strenge reglar for omdisponering/omregulering av myr også til utbyggingsføremål.
- 4) Fylkesmannen ber Landbruks- og matdepartementet vurdere følgjande:
 - a. Ut frå ein forvaltningsmessig ståstad er det uheldig at Fylkesmannen, gir fråsegn etter § 9 og handsamar ev. klager i same sak etter § 11 i forskrift om nydyrkning.
 - b. Kultiveringstiltak som til dømes drenering av beite, maskinelle terrenginngrep og oppgjødsling med mineralgjødsel i utmark, bør leggjast inn i forskrift om nydyrkning.
 - c. Nydyrkning må, - som ein direkte konsekvens av massedeponi/flytting av jordmassar, handterast etter forskrift om nydyrkning.
 - d. § 6 i forskrift om nydyrkning:
 - vegetasjonssone mot vassdrag på minst 6 meter bør gjerast uavhengig av vassføring.
 - kravet til konsekvensutgreiing bør i sin heilskap vere etter «Forskrift om konsekvensutredninger», Vedlegg II, 1. b)

Nærare grunngjeving

Det dyrkbare arealet i Rogaland er på omlag 188 000 daa. Om lag 30 000 daa av dette er dyrkbar myr som ikkje kjem i konflikt med verne- og naturomsyn. Det er dyrka lite myrareal i Rogaland dei siste åra. Dette skuldast mellom anna at det er relativt lite myr att i dei delane av fylket som har høgast dyrkingspress, og då særleg på Låg-Jæren.

Vi har nokre utfyllande kommentarar og synspunkt sett frå vår ståstad, som vi ber LMD vurdere ved handsaminga av endringane i forskrift om nydyrkning.

§ 2 – Virkeområde. I dag blir det gitt løyve til nydyrkning på tiltak som i realiteten er massedeponi. Dreneringstiltak på innmarksbeite med ev. større terrengeinngrep og oppgjødsling av utmark med mineralgjødsel som eit kultiveringstiltak for å utvide eksisterande innmark, bør tas inn i forskrift om nydyrkning.

§ 4 – Godkjenning av nydyrkning. I eksisterande forskrift er det krav om at nydyrkinga må starte opp innan tre år etter at godkjenninga er gitt. Vi meiner det er meir avklarande med ein frist for ferdigstilling av sjølve arbeidet.

I forslaget til ny forskrift bør det tas stilling til handtering av stegvis nydyrkning.

For godkjenning av eit nydyrkingsarbeid bør det settast vilkår for å sikre at ev. miljøverdiar og kulturlandskapsverdiar i minst mogleg grad vert råka av tiltaket.

§ 6 – Når godkjenning ikkje kan gis. Det bør i utgangspunktet ikkje vere høve til å dispensere for nydyrkning av myr. Etter vårt syn vil ein dispensasjon i stor grad oppretthalde dyrkingspresset på attståande myrområde, og spesielt i intensive jordbruksregionar i Rogaland. Eit høve til dispensasjon kan virke lite avklarande for den einskilde gardbrukar. Det vil dessutan opne for eit meir krevjande skjønnsrom og kunnskapsbehov for kommunal sakshandsaming. Det vil også medføre eit auka ressursbehov ved handsaming av klager.

I tilfelle det blir opna for dispensasjon, tilrår vi klare og strenge kriteriar for kva som ligg i «særskilte tilfeller». Dette for å unngå presedensverknad ved ei for vid skjønnsmessig tolking av krava til dispensasjon. Vi legg då hovudvekt på å unngå ei underminering av lovgivars føremål med eit forbod.

Ei kantsone mot vassdrag er viktig for å redusere nærings- og partikkelavrenning frå innmark til vassdrag. Denne sona skal ikkje pløyast eller haustast maskinelt. Ved nydyrkning er minste-kravet til ei kantsone på minst 6 meter mot vatn med årssikker vassføring, - og minst 2 meter dersom det ikkje er årssikker vassføring. Vegetasjonssoner ved vassdrag med årssikker vassføring er beskytta av vassressurslova. Det er likevel stor usikkerheit om tolkinga av «årssikker vassføring». Fylkesmannen i Rogaland meiner derfor at kravet til kantsone bør settast til minst 6 meter uavhengig av vassføring.

Når det gjeld henvising til KU-kravet, rår vi til at 50 dekars-grensa blir tatt ut av nydyrkingsforskrifta. Det må visast generelt til kriteria i KU-forskrifta (Forskrift om konsekvensutredninger).

§ 7 – Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning. Det bør vere eit krav til dokumentasjon av klimarekneskap for eit nydyrkningstiltak.

§ 8 – Oppheva frå 1 jan 2004, jf. forskrift 8 des 2003 nr. 1480)

§ 9 – Saksførebuing. Fylkesmannen tilrår å stryke «vesentlige» frå andre ledd, slik at teksten blir:
«*Fylkesmannen skal ges anledning til å uttale seg der nydyrkingen kan berøre natur- og kulturlandskapsverdier*».

§ 10 – Vedtakets innhald. Vi tilrår at heile §7 frå naturmangfaldlova blir referert i §10.

§ 11 – Klage. Etter §9 skal Fylkesmannen gi fråsegn i saker der nydyrkingsa kan få følgjer for miljøverdiar. Samstundes er Fylkesmannen klageinstans etter § 11. Frå ein forvaltningsmessig ståstad er det uheldig at Fylkesmannen i ein og same sak, har ansvar for å gi fråsegn, og deretter også handsame ein eventuell klage. Fylkesmannen i Rogaland tilrår ei klargjering av §9 og §11 for å unngå habilitetsproblem.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Nono Dimby
Saksbehandlar telefon: 51568978
E-post: fmroara@fylkesmannen.no